

Stord kommune
Fagkontor plan
Borggata 2
5417 Stord

01.09.23

Merknadar til 1. offentlig ettersyn – Kommunedelplan for E39 Heiane – Ådland / Nordre Tveita

Stord Næringsråd ser fram til at kommunedelplanen for dette vegstykket får ein omforeint løysing. Det er på høg tid å komme vidare til reguleringsplanarbeidet slik at unødig bandlagt areal kan frigjevast til næring og andre formål.

Det er også viktig å halde oppe farten i vidare regulering slik at dette vegstykket held tritt med dei store vegprosjekta i nord og sør. SNR ber Stord kommune arbeide aktivt for at dette vegstykket ikkje vert ståande att som ein flaskehals etter at Rogfast og Hordfast er ferdig bygde.

SNR er positive til at det vert teke omsyn til friluftsliv og andre interesser i Landåsen ved å trekke veglinja nærare eksisterande E39. Samstundes vil vi peike på at dette vil medføre ei endå tydelegare «markagrense» som vil vere til hinder for framtidig arealdisponering til næring og andre formål. Vi føreset at Stord kommune i vidare kommuneplanarbeid vil sjå til at det vert lagt ut tilstrekkeleg næringsareal, både sentrumsnært og til tyngre industri.

Stord Næringsråd ber om at næringslivet vert sterkare involvert i planlegginga før reguleringsplanen skal lagast, og me ser fram til eit konstruktivt samarbeid.

Med helsing

Stord Næringsråd



Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar